



Grannelaget på Fjellanger v/Terje Fauske
Fjellangersvingane 187
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1364 - 19/17100

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

29.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 103/1 - 7 Fjellanger

Tiltak: ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 103/1 og 7
Tiltakshavar: Grannelaget på Fjellanger v/Terje Fauske
Ansvarleg søkjar: Grannelaget på Fjellanger v/Terje Fauske

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.05.2019.

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom på om lag 500 m², arealet som er søkt frådelt er frå før bygd med pumpestatjon som er drifta av Lindås kommune. Det er i søknad opplyst at Lindås kommune ved Teknisk drift skal overta arealet.

Planstatus

Arealet er uregulert og er i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjroden avsett til LNF-føremål. Det aktuelle arealet er bygd med pumpehus (bygg for teknisk installasjon) og det er frå før etablert veg og avkøyrse til arealet, det ligg i tillegg røytrasear i grunnen. Bruken av arealet er lovleg etablert og ein vurderer at frådelinga kan gå som uendra bruk, omsøkt frådeling krev ikkje dispensasjon frå arealbruken.

Det omsøkte arealet ligg i byggeforbodsone langs sjø og krev at det vert søkt om dispensasjon frå byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8.

Nabovarsling

Søknad om dispensasjon og frådeling skal nabovarslast. Det er i søknad ikkje gjort greie for nabovarsling av tiltaket.

Krav til nabovarsling går fram av plan- og bygningslova § 21-3. Av pbl § 21-3, 2.ledd går det fram at nabovarsel kan unlatast dersom tiltaket ikkje eller i liten grad påverker naboars- og gjenbuars interesse. Det er i søknad ikkje gjeve greie for at tiltaket er nabovarsla og det er heller ikkje gjort greie for vurdering knytt til kvifor det ikkje er nabovarsla.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Situasjonsplan

Ny parsell er synt på situasjonsplan datert 25.03.19. Lengder på ønska grenseliner er ikkje påført situasjonsplanen. Vi ber om at det vert levert inn oppdatert situasjonsplan påført lengder på grenseliner.

Private rettar

Omsøkt parsell vert liggjande omkransa av avgjevareigedomen. Det må leggjast fram ei avtale som syner at den omsøkte parsellen har rett til å etablere, bruke, drifte og vedlikehalde privat veg fram til offentleg veg. Avtalen må ha ein slik form at den kan tinglysast.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn grunngjeven søknad om dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø, pbl § 1-8. Vi legg ved rettleiar til søknad om dispensasjon, sist i denne ligg det eit eksempel på søknad om dispensasjon som de kan nytte.
2. Det må dokumenterast at dispensasjonssøknad og søknad om frådelling er nabovarsla. Dersom de meiner at tiltaket ikkje krev nabovarsling så må de gjere greie for kvifor naboar og gjenbuarars interesse ikkje vert påverka av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-3.
3. Det må leggjast fram avtale som syner at den omsøkte parsellen har vegrett. Avtalen må ha ein slik form at den kan tinglysast, vi legg ved Statens kartverk si framlegg til avtale – erklæring om rettighet i fast eigedom som kan nyttast.
4. Vi ber om at det vert levert inn oppdatert situasjonsplan påført lengder på grenseliner.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.06.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Dispensasjon
erklæring om rettighet i fast eiendom

Kopi til:

Reidunn Grete Fjellanger Fauske	Fjellangersvingane 189	5955	LINDÅS
Terje Fauske	Fjellangersvingane 189	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Grannelaget på Fjellanger v/Terje Fauske	Fjellangersvingane 187	5955	LINDÅS
--	------------------------	------	--------